

Framlegg til

**ALKOHOLPOLITISKE
RETNINGSLINER
FOR
VINJE KOMMUNE**



2012-2016

Høringsfrist 20.januar 2012



Vinje kommune

Tenestetorg

Framlegg til alkoholpolitiske retningsliner for Vinje kommune 2012-2016

Alkoholpolitiske retningsliner for Vinje kommune

1. Ansvarleg alkoholhandtering

Vinje kommune skal ha ei ansvarleg alkoholhandtering gjennom

- regulering av tilgang
- vilkår for sal - og skjenkeløyve
- kontroll av løyvehavarane.

Det er lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk som regulerer tilgangen på alkoholvarer, m.a. gjennom ordninga med løyve, fastsetjing av vilkår for sal og skjenking og kontroll med løyvehavarane. Her i landet krev all omsetning av alkohol offentleg løyve. Kommunen gjev dei fleste løyva og regulerer såleis mykje av den legale tilgangen av alkohol til forbrukarane.

2. Definisjonar

- Alkoholfri drikk- drikke med mindre enn 0,7% alkohol
- Alkoholsvak drikk – mellom 0,7-2,5 % alkohol (lettøl skjenkast berre til dei over 18 år)
- Alkoholhaldig drikk:
 - Gruppe 1. over 2,5% og mindre enn 4,7%
 - Gruppe 2. over 4,7% og mindre enn 22%
 - Gruppe 3. mellom 22% og 60%

3. Aldersgrenser for inntak og kjøp av alkohol

- Drikk med 22% alkohol eller meir : 20 år
- Drikk med mindre enn 22% alkohol : 18 år
- Drikk med under 0,7% alkohol : ingen aldersgrense

4. Tildeling av sal - og skjenkeløyve.

- Bortsett frå løyve til vinmonopol -utsal, som gjeld for fire år, er det opp til kommunestyret å vedtaka løyveperioden til eitt, to, tre eller fire år.
- Før fast sal - og skjenkeløyve vert gjeve, skal det ligge føre fråsegn frå lensmannen, helsesjef og økonomiavdelinga.
- For å kunne skjenke alkohol, må aktørane ved sida av skjenkeløyve, ha godkjend serveringsbevilling. (jfr merknader til alkoholloven 1.4a.3 og §2 i serveringsloven).
- Daglegvareforretningar søkjer eiga løyve for sal av alkohol i Gruppe 1.

I tillegg kjem Vinmonopolutsalet som skal ha løyve til å selje både sterkøl, vin og brennevin. Det er ikkje høve til å gje salsløyve for alkohol til kiosk og bensinstasjon. (Forskrift av 8.juni 2005, nr. 538)

Skjenkeløyve kan gje rett til skjenking av alkohol i Gruppe 1 og 2 til

- Vegkroer, samfunnshus og andre skjenkestader.
- Turist- og høgjellshotell og andre overnattingsstader, til skjenking av alkohol i Gruppe 1,2 og 3(øl/rusbrus, vin og brennevin).
- Andre bedrifter enn hotell og overnattingsstader kan og få løyve til å skjenkje alkohol i Gruppe 3 i samband med mat - servering.
- Båt i chartertrafikk skal søkje kommunen om skjenkeløyve. Rutetrafikkdelen skal ha løyve av Fylkesmannen.
- Alle som søkjer om fast skjenkeløyve må ha godkjend serveringsbevilling på førehand.
- Bevillinga gjeld for eit særskild lokale og ei særskild type verksemd. Bevillinga kan for eit enkelt høve, etter søknad, utvidast til å gjelde også utanfor skjenkeområde som er godkjend.
- I tillegg skal kommunen som før kunne gje løyve til ambulerande skjenkeløyve for alkohol i Gruppe 1, 2 og 3 som kan nyttast til slutta selskap, og skjenkeløyve for tidsavgrensa tilskipingar frå 1- 10 dagar. Dei tidsavgrensa skjenkeløyva skal utførast innanfor avgrensa område med 18 års aldersgrense. Det er høve til å søkje om 3 tidsavgrensa skjenkeløyve i året. På vedtak om ambulerande og tidsavgrensa skjenkeløyve, fylgjer det med ei liste med krav til gjennomføring av tilskipinga. Skjenkestyrar skal vera over 20 år.

5. Sal - og skjenketider i kommunen.

Det er viktig at sal - og skjenketidene ikkje skil seg monaleg ut frå dei som gjeld i grannekommunane. Slik unngår ein uheldig konkurransevriding mellom bedrifter og i tillegg aktlaus køyring (farts- og fyllekøyring) mellom bedrifter i Vinje og i grannekommunane ved stengjetid.

Sal

- Sal og utlevering av alkohol i Gruppe 1 med inntil 4.76 volumprosent skal fylgje dei generelle opningstidene etter Lov om opningstider for utsalsstader av 26. april 1985, § 1 - 3.
- Etter alkohollovas § 3 – 7 er likevel sal og utlevering av alkohol i Gruppe 1 forbode etter kl. 20.00 på kvardagar og etter kl. 18.00 på dagar før sundagar og heilagdagar, unnateke dagen før Kristi Himmelfartsdag.
- Sal og utlevering av alkohol i Gruppe 1 skal heller ikkje skje på sundagar og heilagdagar, 1. eller 17. mai og på valdagen for stortings-, fylkestings- og kommuneval og folkerøysting som er vedteken i lov.

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon frå desse reglane utover kva loven seier i § 3-7, 2 ledd; *Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salgssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som følger av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl. 20.00 på hverdager, og etter kl. 18.00 på dager før søn- og helligdager unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Det kan bestemmes at salg ikke skal finne sted til bestemte tider på dagen eller på bestemte ukedager..*

Skjenking

I medhald av lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. av 2. juni 1989 og hotellova av 3. juni 1983 med forskrifter har kommunen slike skjenketider for alkohol i Gruppe 1,2 og 3.

- Skjenking av alkohol i Gruppe 1 og 2 frå serverings- og skjenkestader med løyve til slikt i tidsromet kl. 12.00 – 02.00. Stenging av lokala skal skje seinast ein halv time etter at skjenketida er ute.
- Skjenking av alkohol i Gruppe 3 frå servering - og skjenkestader med løyve til slikt, i tidsromet kl. 18.00 – 02.00. Stenging av lokala skal skje seinast ein halv time etter at skjenketida er ute.
- Innskrenka stengetid for skjenking på uteområde, må vurderast utifrå eventuell sjenanse for nabomiljøet.
- Skjenking på overnattingsstader, turist- og høgfellshotell.
Her kan skjenking av alkohol i Gruppe 1 og 2 gå føre seg i tidsromet kl. 12.00 – 02.00 og skjenking av alkohol i Gruppe 3 i tidsromet kl. 13.00 – 02.00. For overnattingsgjester kan det skjenkast alkohol i Gruppe 1 og 2 utan avgrensingane ovanfor. Det er ein føresetnad at skjenking til overnattingsgjester skjer utanfor overnattingsstaden sine ordinære skjenkestader (t.d. i resepsjon eller på rommet i form av minibar). Dette må koma fram i bevillingsvedtaket at det gjeld to ulike slag gjester; dei som overnattar og dei som ikkje gjer det (merknader til Alkohollova 4.4.6.)

Kommunen kan i serlege høve gje dispensasjon frå desse reglane.

6. Skjenkestyrar og vara skjenkestyrar

- Styrar og vara- styrar av ei bedrift med løyve må vera tilsett på staden eller arbeide der i kraft av ei eigarstilling. Begge må ha godkjend kunnskapsprøve.
- Som styrar kan ein berre peike ut ein som har styringsrett over sal eller skjenking og ansvar for å føre tilsyn med utføring av bevillinga.
- Dei må ha uklanderleg vandel i forhold til alkohollova og andre lovar som har samanheng med alkohollova sitt føremål.
- Ein person kan ikkje vera styrar på meir enn ein stad, men om særskilte høve tilseier det, kan ei bedrift med 2 bevillingar delast på dette og vera styrar ein stad og vara -styrar den

andre. Dette må godkjennast av kommunestyret eller dei avgjera vert delegert til (Jfr. Forskrifter).

- Ambulerande skjenkeløyve kan gjevast til lukka selskap (med gjesteliste) som tar betaling for alkoholhaldig drikke.
- Tidsavgrensa skjenkeløyve kan gå til einskilde opne tilskipingar for eit enkelt høve i opp til 10 dagar (t.d. vinterferie / påskeferie). Kvar søkjar/bedrift kan søkje om opp til 3 tidsavgrensa skjenkeløyve i året.

7. Gjennomføring av kunnskapsprøva om alkohollova.

- Alle styrarar og vara - styrarar i verksemdar som har, eller som søkjer om kommunalt sal - og skjenkeløyve, skal ha gjennomført kunnskapsprøve om alkohollova i samsvar med forskrift fastsett av Sosial- og helsedepartementet.
- Kommunen v/Tenestetorget held slike prøver mot eit gebyr .
- Kommunen skal godkjenne styrar og vara -styrar som begge må vera over 20 år.

8. Skjenkeareal

- Gjestane kan ikkje nyte alkohol de har med seg inn i skjenkelokale,
- eller ta med alkohol frå definert skjenkestad til anna område.

9. Overdraging av løyve

- Ved overdraging av verksemda eller ein dominerande del av aksjane, fell bevillinga bort.
- Ny eigar med skjenke- og vara –skjenkestyrar med godkjend kunnskapsprøve, kan drive på gammalt løyve i ein overgangsperiode på 3 månader, på vilkår av at kommunen må få melding om overgang før det skjer og at ny eigar må søkje om ny bevilling seinast 30 dagar etter overtaking.

10. Delegasjon, sakshandsaming m.m.

- a) Kommunestyret gjev vedtak om faste bevillingar for kommunestyreperioden (4 år).
- b) Formannskapet:
 - Rett til å ta avgjerd i alle søknader om sal - og skjenkeløyve i fireårsbolken (mellom hovudtildelingane).
 - Permanent utviding av skjenkestader.
 - Flytting til nye lokale.
 - Endring av driftsform
- c) Rådmannen (eller den han gjev fullmakt til):
 - Avgjerd i saker om tidsavgrensa løyve for inntil ti dagar.
 - Godkjenne ny styrar og vara - styrar ved skifte i løyveperioden.
 - Godkjenne utviding av skjenkelokale for eit enkelt høve.
 - Avgjera saker om ambulerande skjenkeløyve til slutta selskap.
 - Føre alle med fast sal - og skjenke -løyve inn i Bevillingsregisteret på <http://www.helsedirektoratet.no>

11. Gebyr for sal og skjenking.

- Avgifter for sal av alkohol i Gruppe 1 og skjenking av alkohol i Gruppe 1,2 og 3, vert kravd inn for eitt år om gongen på grunnlag av forventet omsett alkoholmengde, jfr. Forskrift av 11. desember 1997 nr. 1292 om omsetning av alkoholhaldig drikk.
- Avgiftene skal dekke utgifter til kontroll og elles gå til førebyggjande tiltak for ungdom.

- Alle løyvehavarane pliktar kvart år, til fastsett tid, å gje eit oversyn over omsetninga. Om ikkje dette vert gjort, kan løyvet bli inndrege.

12. Administrering av kommunens reaksjonsform ved brot på løyvevilkår.

Brot på alkohollova eller føresegnene til lova delast inn i 3 grupper:

1. Mindre alvorlege brot, 1 prikk

- a) Manglar alkoholfrie alternativ
- b) Brot på reklameføresegnene
- c) Brot på generelle reglar om opplæring for dørvakter og tilsette som arbeidar med servering av alkohol, brot på krav om internkontroll etter alkoholloven § 1-9.

2. Alvorlege brot, 2 prikkar

- a) Alkohol vert til eller fortært i område som ikkje er godkjend skjenkeareal, eller det nyttast medbrakt alkohol i lokalet.
- b) Det vert fortsett servera alkohol ved bord der openbart rusa person ikkje er vist ut.
- c) Ikkje å gje melding/søkje om endring av styrar /vara -styrar ved utskifting.

3. Svært alvorlege brot, 5 til 9 prikkar

- a) Skjenking/sal ut over tillete skjenketid / salstid
- b) Openbart rusa gjevast tilgjenge til skjenkestaden/ blir ikkje vist ut før kontrolløren gjer merksam på forholdet
- c) Det vert skjenka eller selt alkohol til openbart rusa person
- d) Omsetning og bruk av narkotika på skjenkestaden
- e) Det vert skjenka eller selt alkohol til eller av personar som ikkje fyller alderskrav.
- f) Brot på krav om politigodkjende dørvakter.
- g) Ved pålegg frå Arbeidstilsynet for brot på Arbeidsmiljølovens reglar om tilsetjing og arbeidskontrakt 55B. Arbeidsavtale, eller § 49. Overtidsarbeid og meirarbeid gjevast prikkbelastning og evt. inndraging på same måte.

8 prikkar kan føre til inndraging av bevillinga i inntil 2 veker

9 prikkar kan føre til inndraging av bevillinga i inntil 1 månad

10 prikkar kan føre til inndraging av bevillinga i inntil 3 månader

Ved oppsummering av prikkbelastningar er det misleghald i løpet av de 12 siste månader før siste hending som leggast til grunn. Etter ein inndragingsperiode startar bevillingshavar på ny utan prikkbelastning.

Vinje kommune gjev rådmannen fullmakt til å delegere tildelingsmynde for prikkar etter gjeldande regelverk.

Ved prikkbelastning får bevillingshavaren skrifteleg åtvaring/melding frå avd. med delegert mynde frå Rådmannen, og pålegg om å rette opp tilhøva innan 2 veker. Er ikkje tilhøva retta opp innan neste kontroll, vert det ny prikkbelastning. Sjølv om forholdet blir retta opp, står prikkbelastning ved lag, om det ikkje er "sona for den". Når bedrifta overskrider 8 prikkar på under eitt år, går det sak til Formannskapet med framlegg om inndraging av løyve for ein viss periode.

Ved særlege alvorlege høve og gjentakande alvorlege brot på sal - og skjenkereglane kan bevillinga inndragast for heile perioden.

Manglande innsending av revisorbekrefta omsetningsoppgåve og manglande betaling av bevillingsgebyr, kan føre til inndraging av bevillinga inntil omsetningsoppgåva er innsendt eller gebyret er betalt.

Manglande betaling av bevillingsgebyr kan medføre inndraging av bevillinga. Sal av smuglarvarer og bruk av uloveleg arbeidskraft kan òg føre til inndraging.

Vinje formannskap gjevast fullmakt til å inndra bevillingar.

Ordninga med prikkbelastning skal evaluerast seinast etter fire år. samarbeid med offentlege etatar.

Ved brot på straffeloven, kan politiet stenge lokale umiddelbart i ein avgrensa periode. I tillegg seier serveringsloven § 20, at politiet skal stenge bedrifter med servering som ikkje har gyldig serveringsbevilling.

§ 1-8a. *Politiets høve til stenging*

Politiet kan stenge ein stad som driver sal eller skjenking av alkoholhaldig drikk utan å ha bevilling.

Politiet kan stenge ein sals- eller skjenkestad for inntil to dagar når det er naudsynt for å hindre forstyrning av offentleg ro og orden ,for å ivareta tryggleiken til einskilde og ålmenta eller for å hindre lovbrot.

Informasjon om tap av løyve vert send politi og kontrollør. Samstundes vert bedrifta sletta frå Bevillingsregisteret.

13. Internkontroll

Alle sal - og skjenkestadene med fast løyve skal ha eit system for internkontroll etter alkoholloven.

Kontrollørselskapet har laga ein internkontroll -perm for kommunen som alle bedriftene er pliktige til å oppdatere minimum 1 gong i året saman med alle tilsette.

Kontrollørane går igjennom permen med nye bedrifter som har sal og - skjenkeløyve.

Permen skal vera kjend og tilgjengeleg for alle dei tilsette som har med sal eller skjenking av alkohol å gjera.

Permen skal synast fram til kontrollør ved førespurnad.

Løyvehavar er pliktig å møte på eventuelt informasjonsmøte med kommune og kontrollørar, ein gong i løyveperioden.